


Årsmelding 2018

På årsmøtet for 2017 vart det vedteke eit framlegg om å legge ned Aardalens Venner. Vennelaget har dei siste åra slite med å få folk som har høve til å engasjere seg i arbeidet med Årdalen. Tida kan derfor vere inne til å vurdere dette, fordi eigarane no ynskjer å ta eigedommen meir i privat bruk.

Årsmøtet 2018 må derfor diskuterte om 2018 vil vere det 12. og siste heile driftsåret til Aardalens Venner. Dette kan skje fordi eigarane sjølve har stått for det praktiske vedlikehaldsarbeidet det siste året, medan vennelaget berre har støtta med nødvendig innkjøp av materialar, transport mv.

Medlemmar i laget

Heller ikkje i 2018 lukkast det å auke talet på medlemmar:



Oppmoding om å betale medlemskontingent vart lagt ut på laget si Facebook-side. Medlemstalet har utviklinga seg negativt dei siste åra, og vennelaget har i det heile slite med å skape eit tilfredsstillande engasjement kring arbeidet med Årdalen.

Styret i Aardalens Venner

Følgjande fem personar har vore i styret til Aardalens Venner i 2018:

- Wenche Leknesund, leiar
- Per Arne Berge, styremedlem
- Terje Hovden, styremedlem / kasserar
- Atle Nøstdal, styremedlem
- Ruth Alice Aardal, styremedlem / eigarrepre.

Varamedlemmar:

- Per Knut Årvik
- Rolf Aarsheim

Styret har hatt berre eitt møte i 2018, i tillegg har det vore kontakt i styret via e-post, Facebook, meldingar og telefon. All kontakt med fylkeskommunen (søknad om midlar etc.), organisering av materiallevering og -transport har leiaren teke seg av.

Økonomisk støtte

Laget har fått tilsegn om eit tilskot på kr 20 000 frå «Ta eit tak»-aksjonen, elles inntil kr 65 890 frå Fylkesmannen. Desse er endå ikkje utbetalte til laget, men vi håpar og trur dei kan løysast inn i 2019 sjølv om laget blir løyst opp.

Aktivitatar siste året

Hovudaktiviteten siste året er vedlikehaldsarbeidet som er gjort på kårhuset (Gamlestova). Laget kjøpte inn nødvendige materialer, og fekk materialane transportert frå Skårbø til Årdalen med helikopter (Airlift) 7. juni. Denne transporten vart relativt rimeleg fordi vi fekk nytte helikopteret som frakta materialer til Selja kloster same dagen. Før det hadde vi bore ut vindauga til kårhuset, som hadde vore lagra i mange år i Hammarsvik-lada. Sjølv vedlikehaldsarbeidet vart utført av eigarane i løpet av sommaren. Rote tømmer er skifta ut, og to vegger er ferdig kledde og med nye vindauge i original utføring (sjå bilde).



I mai vart det rydda plast i fjøra i Årdalen, og eigarane har også vølt lekkasjar i taket på geitefjøset.

Det har ikkje vore utført slåttearbeid i år, berre vanleg beiting.

Våningshuset er endå i tilfredsstillande stand, men det er trong for litt måling i 2019.

Økonomi

Resultatrekneskapen for Aardalens Venner er lagt inn nedanfor.

Til slutt

Sjølv om Aardalens Venner blir oppløyst, vil Årdalen vere eit veldig viktig tur-/rekreasjonsområde for mange. Bygningane på eigedommen er no i relativt god stand etter mange år med stor innsats både frå Aardalens Venner, men også med stor stønad frå både offentleg etatar og private.

Med dette som bakteppe, håpar vi at turgåarar også i framtida er velkomne i Årdalen, sjølv sagt med respekt for at eigedommen er privat.

Til sist minner vi om heimesida – stor takk til Inge Bakke for all hjelp med denne. Vi må vurdere om denne skal eksistere vidare, eller avsluttast.

Takk til Inge Bakke og Håkon Berstad som gjennom mange år har revidert rekneskapen til laget.

Selje, 12. mars 2019

For styret i

Aardalens Venner

Wenche Leknesund

Leiar

Resultatrekneskap 2018

Rekneskapsperiode: 1.1. – 31.12. 2018

		Debet	Kredit
Inntekter:			
Medlemskontingent - enkeltmedlemmar	kr	800,00	
Støtte frå private	kr	400,00	
Renteinntekter	kr	8,00	
Utgifter:			
Materialekjøp kårhuset	kr		24 400,00
Helikoptertransport materialer	kr		4 687,50
Domeneavgift heimeside Aardalens Venner	kr		304,00
Bankgebyr	kr		9,00
Sum transaksjoner 2018	kr	1 208,00	29 400,50

Differanse inntekter – utgifter i 2018 (underskot) - kr 28 192,50

Status

		Pr. 31.12.-17	Pr. 31.12.-18
Behaldning brukskonto 3790 13 23209	kr	31 384,54	3 192,04
Behaldning tilskotskonto 3790 13 97784	kr	3,00	3,00
Reduksjon i kontantbeholdning 2018	kr		28 192,50
	kr	31 387,54	31 387,54

Selje, 7.1.2019

Terje Hovden
kasserer